



PÅ SPORET: Storm jobbar seg målretta fram langs blodsporet mot hjortefoten som eigar Helga-Mari Tessem har plassert ut i Sveio-skogen.

FOTO: OVE A. OLDERKJÆR

Ein hund etter hjort

Over 40.000 hjortejegerar ser fram til årets jakt som startar søndag. Det gjer også over 2000 ettersøkshundar som sporar opp skadd vilt.

OVE A. OLDERKJÆR
ove.olderkjaer@bt.no

Straks hunden får sporingsselen på, rykkjer han i tauet og klynkar ivrig etter å koma i gong.

–Det er veldig tørt i marka i dag, så det er vanskelege forhold for han, seier Helga-Mari Tessem idet hunden set snuten i bakken og forfølgjer blodsporet ho la ut dagen før.

Den elleve månader gamle hunden Storm av rasen stabijhoun er snart klar til å godkjennast som ettersøkshund etter skadd vilt. Han har gått ein god skule hos faren Amigo (8 år) og matmor Helga-Mari Tessem (48). Derfor er Storm på sporet med ein gong han kjenner lukta av storfeblodet som Tessem har dryppa som ei treningsrute i utmarka i Sveio.

Etter eit kvarters søk gjennom ulendt terreng er hunden ved målet, ein hjortefot som Tessem har hatt i frysen og plassert ut. Bikkja får velfortent ros og lov til å gnaga på beinet.

20-årig krav

To-tre gonger i veka er Sveio-kvinna ute på sporsøk med ein av hundane sine, eller begge to. Etter snart 20 år med nasjonalt krav om tilgang på ettersøkshund i jakta, er menneskets beste venn blitt ein viktig del av viltforvaltninga.

Helga-Mari Tessem er ikkje berre ein ivrig hjorte-, reinsdyr- og bjørnejeger. Som kurshaldar og ettersøksdommar er ho òg ein sentral person for mange andre som jaktar hjort på Vestlandet.

–Eg hadde eigentleg tenkt å få meg ein redningshund. Men då påbodet om ettersøkshund i hjorteviltjakta kom i 1994, fekk eg interesse for det og tok til å trenast sjølv med å leggja ut spor for hunden min i skogen.

–Elskar å jobba

48-åringen er utdanna intensivjukepleiar og arbeider til dagleg med brannvernopplæring og førstehjelpsundervisning ved Resq i Haugesund.

Ho er også med i branntroppen i Sveio, reiser landet rundt med foredrag om jakt og ettersøk, har sin eigen jaktblogg og har gitt ut boka «Jaktlykke» der ho blant anna skildrar svartbjørnjakt i Canada.

–Eg tok til med å gå på jakt tidleg på 1990-talet, så har det balla på seg med ettersøk og kursing. Eg synest det er kjempekjekt. Det synest forresten hundane òg.

–Dei elsker å jobba med søk, for dei veit dei får løn for strevet.

Den eldste hunden til Tessem er med i sporhundsentralen som dekkjer ti kommunar på Haugealandet, og som rykkjer ut til påkøyrd eller skadeskotte dyr som stikk av. Av og til har Tessem hunden med på post under jakta.

Overta etter far

–Den første hunden min gjekk eg sikkert to hundre søk med. Eg har inntrykk av at jegerar er blitt flinkare til å be om hjelp når dyr er skadeskotte. Langs vegane er

fakta

Hund og hjort

- Rundt 8400 hundar er registrerte for ettersøk etter hjort, rådyr og elg, vel 2000 av dei i hjortefylka på Vestlandet og i Sør-Trøndelag.
- Nær halvparten av årleg rundt 700 påkøyrt hjort overlever og får ettersøk. 8 av 10 blei funne i ei undersøking frå 2002.
- 4 prosent av knapt 3000 jakta hjort blei ettersøkt i ei undersøking frå Møre og Romsdal i 2003.
- 2,2 prosent av avfyrte skot i 2003-undersøkinga blei oppgitt som skadeskot.

KJELDE: NORSK KENNEL KLUB/BEDREJAKT. NO/NJFF

også skiltinga blitt betre og forholda blitt meir oversiktlege i tilfelle kryssande dyr. Men det er veldig viktig at sjåførar melder frå om påkøyrslar. Det er ikkje straffbart å køyra på dyr, men det å ikkje melda frå er. Samtale med sjåføren kan gjera det mykje enklare å spora opp eit skadd dyr, seier Tessem.

På Vestlandet er springer spaniel, dachs og svart elghund blant dei mest populære ettersøksrasane. Tessem blei nyfiken på den ståande fuglehundrasen stabijhoun frå Nederland. Amigo er av det første kullet i Noreg.

–Tanken er at han gradvis skal overta etter faren, seier Tessem og nikkar mot Storm som gneg ivrig på hjortefoten.

–Ein artig rase. Ekstremt sosiale og intelligente hundar, seier Tessem.

Avsporing i ettersøket

Berre ein av 38 godkjende ettersøksekvipasjar kom bra ut då hund og førar blei testa.

Ein rapport Norsk institutt for naturforskning (NINA) publiserte i 2012 stilte spørsmål ved kvaliteten på godkjeningsordninga og treningsopplegget for norske ettersøkshundar.

37 av 38 godkjende hundar med førar greidde i liten grad å følgja det ettersøksdyret dei var sette til å spora då NINA gjennomførte testen.

Ekvipasjane dreiv fort bort frå dyresporet. Verst var resultatata for dei som blei testa på elg på Austlandet, noko betre for sporing av hjort på Vestlandet. I testen blei det nytta 13 radiomerkte elg og

fem hjort, alle friske dyr.


Rapporten presiserer at skadde dyr kanskje ville forsterka sporingssivoren hos hundane. I testen hadde hundane ein tendens til å velja ferskare spor enn det «kalde» sporet dei var sette til å følgja, det vil seia opp til 22 timar gamle spor.

Påbodet om at alle jegerar skal ha avtale om tilgang på ettersøkshund kom i 1994. Hundane blir godkjende etter gjennomførte blod- og fersksportestar.

Danmark har ei ordning med eit tilnærma profesjonelt ettersøkskorps, der rundt to hundre schweishundar med førarar blir nytta berre til ettersøk. I Noreg er ettersøkshjelp meir desentralisert, basert på hundar som også

Hjortejegerar


Registrerte hjortejegerar i Noreg siste ti år.



Kilde: Statistisk sentralbyrå © grafikk@bt.no

Felt hjort

Fellingsstatistikk for hjort i Noreg siste ti år.



Kilde: Statistisk sentralbyrå © grafikk@bt.no

deltok i jakt. Ettersøkslag skal vera på plass innan fire timar.

–Lite skadeskyting og ofte lenge mellom ettersøka, fører til at mange av hundane manglar erfaring. Derfor er det meir kursing og trening som må til, seier Vidar Holthe, utmarksrådgjevar i Norges Skogeierforbund.